

## **SKULEREGLAR FOR NORHEIMSUND FRISKULE**

### **§ 1 Formål**

Formålet med skulereglane er å sikra at alle på skulen – både elevar, lærarar og føresette – har ei felles forståing av rettar og plikter i skulekvardagen, korleis skuledemokratiet kan organiserast og kva tiltak som kan setjast inn ved eventuelle brot på reglane. Jf. privatskulelova kap. 5A.

Skulereglane skal på same måte som anna pedagogisk arbeid i skulen, fremja respekt, samarbeid, medverknad og eit godt skulemiljø.

Reglane skal bidra til at:

- elevar og foreldre viser engasjement og tek ansvar
- elevar og foreldre får vera med på å planleggja, gjennomføra og vurdera verksemda til skulen
- elevane får oppfylt retten sin til å ha eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, inkludering, trivsel og læring

### **§ 2 Verkeområde**

Skulereglane gjeld for Norheimsund Friskule.

Dei gjeld i skuletida når skulen har ansvar for elevane. Det vil seia i alle typar undervisningslokale, fellesrom og uteareal og når elevane har undervisning andre stader enn på skuleområdet, til dømes på leirskule og på andre turar i region til skulen. Uansett tid og stad gjeld og skulereglane ved bruk av dei digitale løysingane til skulen.

Reglementet kjem også til bruk utanfor skuletida, f.eks. på skulevegen, føresett at åtferda til elevane har tilstrekkeleg tilknytning til skulen. Dette kan f.eks. vera situasjonar der nokre elevar krenkjer andre elevar, og dette fører til at elevar ikkje har det trygt og godt på skulen.

### **§ 3 Organisering av skuledemokratiet**

Skulen skal sørgja for at elevane og foreldra får vera med på å planleggja, gjennomføra og vurdera skuleverksemda, mellom anna arbeidet med skulemiljøet, kvalitetsutvikling i opplæringa og fastsetjing av skulereglar, jf. privatskulelova § 5A-4.

Det skal vera eit foreldreråd ved skulen der alle foreldre som har barn i skulen, er medlemmer. Rådet kan velja eit arbeidsutval.

Ved skulen skal det også vera eit elevråd der ein elev frå kvar klasse frå 5.-10. er med. Klassane skal velje elevrådsrepresentant og vararepresentant. Elevrådet vel og representantar til Ungdomsrådet i Kvam.

Ein representant frå elevane og ein representant frå foreldra har rett til å vera til stades på møte i styret til skulen. Representantane har her rett til å seia meininga si og få denne tilført protokollen. Ved behandling av saker der det gjeld ei lovfesta teieplikt, må elevar under 18 år forlata møtet til styret.

På skulen vil me at born og vaksne skal trivast og ha det godt. Alle har rett til å bli behandla med respekt. Foreldra og føresette har rett til hjelp frå skulen i opplærings- og oppsedingsarbeidet. Elevane har rett til å bli møtt med omsorg, kjærleik og rettleiing slik at kvar einskild får ei god mogning og utvikling. Me ønskjer og at elevane skal lære å ta vare på Skaparverket og verta bevisste dei globale miljøutfordringane.

I dokumentet «Vurderingskriterium til skulereglane» finn ein kva vurderingskriterium skulen nyttar til fastsetjing av karakter ved halvårsvurdering og standpunkt.

#### **§ 4 Orden**

Elevane skal:

- a) møta presis
- b) følgja reglane i skulen for melding av fråvær
- c) møte førebudd til opplæringa
- d) ha med nødvendig utstyr
- e) gjera arbeid til rett tid og overhalda fristar
- f) halda orden

Det er forventa at elevane er merksame i timane utan å vera på sosiale medium eller speleplattformer, og utan å forstyrre undervisninga.

#### **§ 5 Åtferd**

Elevane skal visa alminneleg god åtferd:

- a) vera til stades i opplæringa
- b) behandle, også på digitale medium, medelevar, tilsette og andre som elevane møter i skulekvardagen med respekt uansett kjønn, etnisitet, religion, livssyn, funksjonsevne, seksuell orientering m.m.
- c) bidra til eit godt skulemiljø
- d) vise respekt for andre både i språkbruk (unngå banning og anna grovt språk) og handling
- e) retta seg etter beskjedar frå dei tilsette

- f) ta godt vare på skulebygningen, inventaret til skulen, lærebøker, undervisningsmaterieill og andre eidedelar slik at dei ikkje blir utsette for øydeleggingar, hærverk eller unødvendig slitasje og bruk
- g) vise nettvett og følgje dei til kvar tid gjeldande reglane fastsett av rektor for bruk av mobiltelefonar, datautstyr og digitalt utstyr på skulen
- h) følgja reglane i skulen for bruk av hjelpemiddel som datamaskiner og spesialutstyr
- i) følgja andre reglar som er fastsette, t.d. i klasserommet, i gymnastikksalen eller på uteområdet

#### **Åtferd og framferd som ikkje blir akseptert:**

- a) Mobbing eller på andre måtar krenkja andre
- b) Utøva eller truga med fysisk vald
- c) Fuska eller prøva å fuska
- d) Ha med, bruka eller vera påverka av alkohol, narkotika eller andre rusmiddel
- e) Røykja eller bruka tobakk/snus
- f) Ha med og/eller nytta farlege gjenstandar
- g) Bruka plagg som heilt eller delvis dekkjer ansiktet.
- h) Dele bilete, videoar eller lydfile av andre elevar eller vaksne utan samtykke
- i) Oppsøkja nettsider eller offentleggjera innhald av rasistisk, nazistisk, pornografisk eller på annan måte krenkjande karakter på dei digitale einingane og nettverket til skulen
- j) Forstyrra undervisninga, til dømes med bruk av elektronisk utstyr
- k) Forlata skuleområdet i skuletida utan særskilt løyve
- l) Ta med dyr på skulen.

#### **§ 6 Tiltak ved brot på skulereglane**

Alle tiltak ved brot på skulereglane skal vera slik at elevane forstår kva reglar som er brotne og kvifor skulen må reagere på dette. Sanksjonane skal stå i rimeleg forhold til kva eleven har gjort, og tiltak bør komma så nær regelbrotet i tid som mogleg.

Ulovlege rusmiddel og ulovlege gjenstandar skal inndragast og overlatast til politiet. Straffbare forhold vil bli meldt.

Mobiltelefonar og anna digitalt utstyr som blir brukt i strid med reglar fastsett av rektor, kan mellombels inndragast. Det same gjeld gjenstandar som ikkje blir aksepterte etter desse skulereglane.

Dersom skulen inndreg sigarettar/tobakk/snus eller alkohol frå umyndige elevar, skal desse gjenstandane som hovudregel blir levert til foreldra.

Skulen kan nytta følgjande reaksjonar ved brot på reglane for orden og åtferd. Foreldre/føresette vil alltid bli orientert og tekne med på råd før tiltaka i *d*, *e*, *f* og *g* blir sette i verk:

- a) merknad
- b) munnleg og skriftleg åtvaring til eleven
- c) skriftleg melding til foreldra/føresette
- d) pålegg om å utføra oppgåver før eller etter skuletid for å retta opp skadar som eleven er ansvarleg for
- e) bortvising frå undervisninga for ei opplæringsøkt, men ikkje meir enn to klokketimar
- f) bortvising for resten av dagen (føreset at foreldra til elevar på 1.-7. trinn har fått melding før bortvisinga blir sett i verk)
- g) bortvising frå undervisninga for lengre tid enn resten av dagen. Ungdomstrinnelevar kan bortvisast for inntil tre dagar, jf. privatskulelova § 3-10.

Fleire brot på skulereglane kan medføra at styret til skulen fremjar sak for kommunen om flytting av eleven til ein annan skule, jf. privatskulelova § 2-4 andre avsnitt og opplæringslova § 13-2.

Fysisk refsing og kollektiv straff er ikkje tillate.

Eleven pliktar å overhalda gjevne reaksjonar. Dersom eleven ikkje rettar seg etter gjevne reaksjonar, kan han få nye reaksjonar.

Brot på skulereglane vil i tillegg kunna få konsekvensar for ordens- og åtferdskarakteren på årstrinn der karakterar blir gjeven.

Skade på eigedommen til skulen kan medføra erstatningsansvar etter skadeerstatningslova.

## **§ 7. Rettane til elevane**

Eleven har rett til å få opplæring i samsvar med privatskulelova og godkjend læreplan.

Elevane har rett til eit trygt og godt fysisk og psykososialt skulemiljø som fremjar helse, inkludering, trivsel og læring, jf. privatskulelova § 2-4 som viser til opplæringslova kap. 12.

Elevane har rett til å bli høyrd og delta aktivt i utforminga av reglar og skulemiljø, jf. privatskulelova §§ 5A-2, 5A-4 og 5A-5.

## **§ 8. Pliktene til elevane**

Det er fastsett i privatskulelova § 5A-6 at elevane skal vera aktivt med i opplæringa og følgja skulereglane.

Elevane skal visa respekt og omsorg for medelevar og alle dei tilsette til skulen og bidra til å skapa eit inkluderande og trygt læringsmiljø.

Elevane kan bli pålagde å gjera oppgåver utanom skuletida (lekser).

### **§ 9. Saksbehandling og akutte reaksjonar frå tilsette**

Dei mest alvorlege sanksjonane ved brot på skulereglane er så inngripande mot elevane at det må fattast enkeltvedtak (Forvaltningsloven § 2). Dette krev skriftleg vedtak som inneheld grunngeving og skildring av klageretten til eleven. Elevane har rett til å bli høyrd før det blir teke ei avgjerd om tiltak.

I alle saker som blir behandla etter desse skulereglane, skal omsynet til elevanes beste vera eit grunnleggjande omsyn, og skulen skal vareta retten eleven har til å bli høyrd, jf. privatskulelova § 5A-1 og § 5A-2.

Det normale vil vera at dei tilsette til skulen handterer brot på skulereglane gjennom samtale med involverte elevar og eventuelt foreldre og med korrekt saksbehandling.

Avgjerd om bortvising er enkeltvedtak, og reglane i forvaltningslova gjeld, jf. privatskulelova § 3-10. Eventuell klaga på avgjerda blir sendt til skulen, og dersom skulen ikkje gjer om vedtaket om bortvising, går saka til Statsforvaltaren.

I alle saker som blir behandla etter skulereglane, skal elevens beste og rettane til eleven etter § 7 i skulereglane vera eit grunnleggjande omsyn.

Elevens føresette skal få informasjon om innhaldet i saka og avgjerda som skulen har teke. Ved alvorlege brot på skulereglementet bør informasjon gjevast før eventuelt tiltak blir sett i verk. Ved mindre alvorlege regelbrot skal informasjonen gjevast så snart som mogleg etter hendinga.

Når det er påkravd, har tilsette plikt til å gripa inn fysisk for å hindra skade, jf. privatskulelova § 3-10b. Dette gjeld når andre tiltak ikkje er tilstrekkelege for å hindra at ein elev

- krenkjer ein person fysisk eller utset seg sjølv for fysisk fare
- skader eigedom
- viser ei åtfærd som er sterkt nedrande for eleven sjølv

Det fysiske inngrepet kan ikkje gå lenger enn nødvendig, og det skal stå i eit rimeleg forhold til dei interessene som skal varetakast. Handlingar som er allment aksepterte i samhandling mellom vaksne og barn som dei har omsorg for, skal ikkje reknast som fysiske inngrep etter privatskulelova § 3-10b.

Ein tilsett som har nytta fysiske inngrep som beskrive ovanfor, skal melda frå om dette til dagleg leiar, jf. privatskulelova § 3-10c. Dagleg leiar skal melda frå til foreldra til eleven. Dersom det er nytta fysiske inngrep mot den same eleven fleire gonger, eller inngrepet er særleg alvorleg, skal dagleg leiar melda frå til styret for skulen.

Skulen skal dokumentera alle fysiske inngrep med ein kort omtale av hendinga og inngrepet frå tilsette som vart utførte, jf. privatskulelova § 3-10c. Dokumentasjonen skal også omfatta synet til eleven på saka.

*Vedteke av styret for Norheimsund Friskule*

*3. desember 2024*